

Ta idrettsmerket på tirsdag!

Vivik Rimestad, Aslaug Lyse og Åshild Sjøwall har vore ivrige idrettsmerketakarar i mange år(Foto: Ola Matti Mathisen)

Tirsdag er det klart for idrettsmerketaking på Heio. Kjersti Bråtun , som er kontaktperson for idrettsmerketakinga, fortel at det startar kl.17, og ho håpar at mange tar turen til Heio for å ta idrettmerket i år. Ho fortel at det var 11 som tok merket i fjor, og at talet har lege på i overkant av 10 dei seinare åra. - Eg håpar vi vert fleire i år, seier ho optimistisk.

Alle over 16 år kan ta idrettsmerke, og det er øvingar innan løp, spenst, kast/styrke og uthaldenhet. Resultatkrava er tilpassa alder og kjønn så dette er noko for alle. Ein samlar seg poeng gjennom åra, og det kan derfor vera lurt å starta i ung alder og delta årleg.

Første sjanse til å ta prøvene er altså tirsdag 3.september på Heio. Det er og planlagt idrettsmerketaking tirsdag 17.september.

Dersom nokon har spørsmål rundt merketakinga, kan dei kontakte Kjersti Bråtun, mobil 415 67 095.

Husk: Det er lurt å komme i gang med idrettsmerketaking. Og det er aldri for seint. Så still opp på Heio!

TID.